



### Kva kan og bør skje med grusbana?

**Opp gjennom åra har dette vore eit ofte gjenteke tema både i og utanfor det sportslege miljø i Uskedalen.**

**Vi skal ikkje kaste nye argument inn i diskusjonen, men berre komma med ein liten dokumentasjon og den er rykande fersk.**

Den går ut på at det ikveld var eit myldrande liv på grusbana. Alle kunne ikkje komma med på biletet på ein gong og det er ikkje så lett å tella ungar som vrimlar rundt. Men vi meiner at det faktisk var 38 i aksjon på ein gong der, medrekna foreldrar.

Med andre ord:

- Grusbana er fin å ha i overgangen frå vinter til vår, når Heio enno ikkje er klar til bruk, Så får ekspertane diskutera om bana blir enda meir speklar om ho får kunstgras og om ein slik satsing er økonomisk overkommeleg.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen